



Foreldre til elevar i 3.klasse

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2370 - 16/18263

Saksbehandlar:

Irene Hystad Hugaas

irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no

22.09.2016

Tidlig innsats i 3.klasse

Vi har fått tilskotsmidlar til å sette inn lærartimar for tidlig innsats på 1. – 4. trinn dette skuleåret. Vi har vald å ha ein Leseklubb i 3A ein periode no i haust for å styrke dei grunnleggjande leseferdigheitane hos enkelte elevar. Kontaktlærar har ringt heim og orientert dei det gjeld. Lærar som har denne opplæringa er Maria Christine Sæle i samarbeid med kontaktlærar.

MÅL MED LESEKLUBBEN I 3A

- Automatisere bokstavlydar til dei enkle bokstav/lyd-assosiasjonane.
- Meistre ei teneleg skrivning av små og store bokstavane (slik at overgangen til samanhengande skrift er så jamn som mogleg).
- Gjenkjenne og gjenkalle alle bokstavane.
- Automatisere dei vanlegaste småorda (100 ordslista).
- Auke lesetempo utan at det går ut over forståinga.

Korleis:

- Øve på lydane, heile alfabetet.
- Lesing av stavingar.
- Skriveøving på bokstavane som elevane ikkje meistrar. Snakke om lyden, kor i munnen den lagast, og korleis bokstaven som høyrer til lyden ser ut. Bokstavleik med mjølkekorkar
- Bevisstgjerjing på at det er ulike måtar å lese på, td. Synge saman lydar (ved lange og vanskelege ord), heilordslesing, leitelesing, nærlesing.
- Øve på å lese nøyaktig med lesefinger.
- Mengdelesing. Elevane bør lese minst 15 min i tillegg til leseleksa heime.
- Bruk av materiell frå «Arbeid med ord», 100 ordslista, hjertelekser.
- Foreldreinvolvering.

Med helsing

Irene Hystad Hugaas
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Foreldre til elever i 3.klasse